

FRÅSEGN OM INNSTILLINGA FAGERBERGUTVALET NOU 2011:6 ”ET ÅPNERE FORSKNINGSSYSTEM”

Spørsmålet om kva vi får att for den offentlege ressursinnsatsen på forskning har stått på dagsorden dei siste åra. Kva for samanhengar finst mellom samfunnsmessige mål for norsk forskning, anvendte offentlege ressursar og oppnådde resultat? Den offentlege ressursinnsatsen er ca. 20 milliardar kroner, og er fordelt på heile 125 ulike kapittel i statsbudsjettet. Behovet for analyse og vurdering av bruken og nytten av desse midlane, er opplagt til stades.

Mot ein slik bakgrunn er Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) tilfreds med at det i 2009 vart oppnemnt eit ekspertutval, med eit stort sekretariat, som fekk i oppgåve å drøfte samanhengen mellom ”mål, ressurser og resultat for offentlig finansiert forskning”. Utvalet skulle òg kome med råd om behovet for endringar og om kva for (nye) resultatmål som eventuelt skulle utviklast.

Hovudspørsmålet er ikkje svart på

Utvalet vart gitt eit omfattande mandat med få avgrensingar. HiSF meiner at utvalet har avgrensa mandatet sitt på ein tenleg måte, som har danna grunnlag for ei veldisponert og godt strukturert innstilling. Innstillinga inneheld mange spennande og fruktbare analysar, legg fram eit rikt talmateriale, m.a. om offentlig finansiert forskning i Noreg og andre land, og kjem med spennande forslag om kva for verkemiddel som bør setjast i verk slik at samfunnet skal få meir att for dei offentlege forskingsressursane. Innstillinga vil truleg vere basis for debatten om samfunn og forskning i mange år framover.

Det utvalet ikkje maktar, er å gi svar på sjølv hovudspørsmålet: *kva for samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske resultat får Noreg ut av den store offentlege ressursinnsatsen på forskning?* Utvalet prøver heller ikkje på å gi gode innspel til korleis eit slikt spørsmål eventuelt kan svarast på.

Utvalet har òg valt å leggje til grunn ein snever definisjon av omgrepet ”offentlege ressursar” til forskning. I det alt vesentlege vert det teke utgangspunkt i dei løyvingane som blir kanaliserte over budsjettet til Kunnskapsdepartementet. Det er mest påfallande er at den næringsmessige og sektorrelevante forskingsinnsatsen til andre departement (Nærings-, Olje- og Energi-, Helse- og sosialdepartementet) ikkje vert omtalt eller vurdert i det heile. I tråd med dette kjem utvalet med ein utførleg analyse av forskinga og forskingsutfordringar ved universitet og høgskular, medan instituttsektoren og helseføretaka berre vert summarisk behandla.

UH-sektoren

For UH-sektoren er mykje av drøftinga knytt til tid og ressursar til forskning og til dei ulike bibliometriske parameter som vert brukte for å måle fou-resultata. Berre i ubetydeleg grad synest utvalet å ha gjort seg tankar om korleis denne forskinga vert nytta og anvendt til ulike typar føremål, innanfor sektor (t.d. innanfor petroleumssektoren, helsesektoren, idrettsfeltet, marinbiologi), og utvalet ser heller ikkje på samhandlinga mellom t.d. forskinga i

høgskulane/dei regionale forskingsinstitutta og regionale styresmakter og regionalt næringsliv. "Forskingsbrukarane" som gruppe er fråverande i utvalets innstilling. Særleg i regional samanheng er hadde det vore på plass med ei drøfting av dette.

For høgskulane si side ville det òg ha vore nyttig og interessant med ei drøfting av forholdet mellom undervisning og forskning, spesielt fordi undervisningsplikta jamt over er betydeleg høgare i høgskulane enn ved universiteta. Forholdet mellom undervisning og forskning burde ha vore teke opp på ein meir generell basis av utvalet. Dei to aktivitetane er, og skal vere, nært knytte til kvarandre. Med det einsidige bibliometrifokuset på forskning, som utvalet legg til grunn, vert òg ein viktig del av legitimeringa for forskinga i UH-systemet borte. Vi ønskjer at det i framtida vert lagt større vekt på samanhengen mellom forskning og utdanning. Ikkje minst er dette viktig innanfor dei profesjonsfaga der høgskulane utdannar dei fleste kandidatane.

Når det gjeld forskinga i UH-systemet, er vi glade for at utvalet drøftar det noko vanskelege temaet om aktive og passive forskarar. Det er relativt få forskarar som står for mesteparten av publiseringane. Ved alle UH-institusjonar, også i dei etablerte institusjonane, er det fagfolk som ikkje publiserer i det heile. Andelen er størst i høgskulane, der fagpersonalet både har størst undervisningsplikt og lågast kompetanse. Vi er i den samanheng glade for at utvalet foreslår eit løft for å styrkje doktorgradsutdanninga. Dette er svært viktig for mindre høgskular av vår type. Det er først og fremst gjennom doktorgradsutdanninga at vi kan byggje opp høgare eigenkompetanse og leggje til rette både for meir og for betre forskning. For oss er det sterkt ønskjeleg med fleire stipendiatstillingar. Dei har vore særst viktige for rekrutteringa. Vår høgskule har elles tildeling av intern fou-tid etter søknad. Oppnådde tidlegare resultat er eit viktig kriterium for slik tildeling.

Driftsmidlar og RBO-ordninga

Det vi treng mest av hos oss no, er meir samanhengande tid til forskning og større driftsmidlar. Dessutan treng vi ei klarare fagleg-strategisk innretning av forskingsarbeidet vårt. Det må vi sjølve stå for. Ordninga med tildelinga av smådriftsmidlar frå NFR har vore positiv. Vi ønskjer ei utviding av denne ordninga. Vi er, slik eit mindretal i utvalet er, skeptiske til den prøveordninga som fleirtalet i utvalet foreslår om at staten (NFR ?) skal kanalisere driftsmidlar direkte til "aktivt publiserende forskere gjennom en ubyråkratisk ordning basert på data som allereie er samlet inn". Ei slik ordning frittek på mange måtar institusjonane frå å utvikle egne ordningar som skal stimulere til betre forskning og gi gode vilkår for dei beste forskarane. Vi ønskjer i staden ein betydeleg auke av smådriftsmidlane, som institusjonane sjølve fordeler til aktivt forskande fagmiljø. Vi sluttar oss her til merknadene frå mindretalet i utvalet.

Vi vil òg knyte nokre merknader til ein del av dei andre konkrete forslaga til utvalet.

Vi er samde med utvalet i forslaget om å auke RBO-potten, basert på utviklinga i forskingsproduksjonen. Det er svært uheldig at denne potten har stått stille sidan innføringa av RBO-finansieringa, medan forskingsproduksjonen har auka betrakteleg.

Vi støttar forslaget om ein samla gjennomgang av RBO-ordninga for å klargjere korleis denne ordninga har verka, og på kva for nivå verknadene har vore best. Men ein slik gjennomgang må ikkje verte for omstendeleg og byråkratisk. I denne gjennomgangen bør det òg vurderast om siteringar kan gå inn som ein ny indikator.

”Frie” midlar?

Som dei fleste andre ser vi positivt på ein auke i dei frie forskingsmidlaane, dvs. midlar som ikkje er knytte til faste program eller temasatsingar. Vi vil likevel sterkt streke under at forskning på prosjekt innanfor dei aller fleste NFR-program er utviklande og stimulerande for dei som er med i dei mange prosjekta. Det er òg eit faktum at dei aller fleste NFR-prosjekta er ”innanfrå-initierte”, og såleis inneber ”fri forskning”. Men den store søknaden til dei frie (ikkje program/tema) midlane i NFR, og den svært låge innvilgingsprosenten, tilseier at det er behov for å auke denne potten monaleg. Om auken skal vere så stor som utvalet foreslår, bør likevel drøftast nærmare.

Vi vil i denne samanheng peike på at utvalet omhandlar UH-sektoren som ein samla heilskap, mens faktum er at det, særleg når det gjeld forskingsvilkår, er store skilnader mellom dei yrkesretta høgskulane på den eine sida og dei etablerte universiteta på den andre sida. Profesjonsutdanningane har òg korte tradisjonar for forskning. Men behovet her er stort for forskning og ny kunnskap. Her er det viktig at dei fagmiljøa der profesjonsutdanningane og profesjonsforskninga er forankra, ikkje tapar i konkurransen om forskingsmidlar. Vi meiner å observere slike tendensar. Det er i denne samanheng svært vesentleg for høgskulane at NFR vidarefører ordninga med ”Strategiske høgskuleprogram” (SHP), noko òg ein høgt kompetent evalueringskomité tilråde.

Forskningsbarometer

Vi vil be om at det vert arbeidd meir med å utvikle eit betre datagrunnlag og indikatorar for samfunnseffektane av forskning. Vi er usikre på om at trengst å utvikle eit eige pilotprosjekt ”Forskningsbarometer”, slik utvalet foreslår. For vår del er det ønskjeleg at det, i tilfelle, også må inn eit brukarperspektiv i barometeret. Vi ser det òg som nødvendig at eit slikt mogleg barometer må kunne brytast ned på fylkesnivå. Om ein får dette til slik vi peikar på, trur vi at eit barometer kan verte eit tenleg instrument til nytte både for styresmakter (også regionale), forskingsmiljø, verkemiddelapparat og brukarar av forskingsresultat.

Utvalet har elles ikkje vurdert forholdet mellom forskning, forskingsinnsats og ulike former for regional utvikling. Etter vårt syn bør dette forholdet takast opp til drøfting i den stortingsmeldinga som vil kome i etterkant av innstillinga frå Fagerbergutvalet.